



Vigdis og Bente med eggesalaten, ein spesialitet i butikken

2013 var eit nytt jubelår for SPAR i Uskedalen, som vart årets SPAR-butikk i landet. Og suksessen vert bekrefta av sterke tal. Butikken passerte soleis i fjor 40 millionar i brutto omsetnad og nådde 41 millionar mot 38 millionar året før. Budsjettet stoppa på knapt 40 millionar.

Dagleg leiar Bente Nilsen har denne kommentaren til suksessen som ikkje stoppar:

- Dette er eit resultat av fleire faktorar. Ein av dei er effekten av ny og utvida butikk, som framleis varer. Det er også eit stort pluss for oss at vi ligg midt i Kvinnherad., midt i løypa om ein vil,

Vi får difor ein god del som ein kan kalla trafikk-kundar. Og så kjem sjølvstekt effekten av at vi gjer ein god jobb slik at kundane er fornøgdde med oss. Vi får berre positive attendemeldingar, At vi vart best i landet er eit kvalitetstempel som det ikkje er lett å forbetra, Staben vår er utruleg dyktig.

No består den av 12 faste og 2-3 på deltid. Den er svært stabil men det har vorte fleire ungdommar på ettermiddagen. Sist sommar tilsette vi og ein ny medarbeidar fast.

- At Herøysund ikkje har butikk lenger spelar vel også inn?
- Ja, det er heilt klårt. Butikken i nabobygda vart lagt ned i april 2012, men effekten av det for oss er framleis til stades.

- Er det spesielle varer eller varegrupper som butikken har suksess med?

- Sylteflesket er jo velkjent og populært, men eg vil også trekkja fram eggosalaten som 'ferskvarejentene' Vigdis Haugland og Inger Myklebust har produsert i mange år og som vi selde 2 500 beger av i fjor. Den er det ingen andre som har! Sundepølsa er også ein god artikkel - salet av den auka med 50 prosent i fjor!

SPAR er den største daglegvarekjede i verda og Noreg ligg som nummer 5 med 10 milliardar i omsetnad trass i lågt folketal. Den internasjonale profilen har ein positiv verknad også for butikken i Uskedalen og då ikkje minst for dagleg leiar som har ein sentral posisjon i kjeden, Ho er ofte på reisefot til andre land,

Frå 24. til 26. denne månaden skal forresten heile staben til Irland som resultat av sigeren ifjor. Då rykkjer andre SPAR-tilsette inn i butikken på Sanden!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen